



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2023 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer:	979 494 009
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	ALSAKER FJORDBRUK AS
Forretningsadresse:	Flakkavågsvegen 14 5694 ONARHEIM

Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2023 - 31.12.2023
-------------------------	-------------------------

Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Helge M. Nesse
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	21.06.2024

Grunnlag for avgivelse

- År 2023: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2022: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2023

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 17.07.2025



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
RESULTATREGNSKAP			
Inntekter			
Salsinntekt		139 830 912	136 426 520
Andre inntekter		88 505 177	84 657 523
Sum inntekter	1	228 336 089	221 084 043
Kostnader			
Varekostnad	1	130 483 627	139 599 283
Lønnskostnad	2	49 433 239	45 913 359
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	2 377 752	2 225 023
Nedskrivning av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	3		
Andre driftskostnader	1, 2	32 372 615	30 504 117
Sum kostnader		214 667 234	218 241 782
Driftsresultat		13 668 855	2 842 261
Finansinntekter og finanskostnader			
Inntekt på investering i dotterselskap	4	723 111 650	761 434 466
Inntekt på investering i tilknyttede selskap	5		20 590 000
Renteinntekt fra foretak i samme konsern		4 780 635	1 388 509
Annen renteinntekt		608	70
Anna finansinntekt		104 972	869 720
Sum finansinntekter		727 997 866	784 282 765
Endring marknadsbaserte aksjer		-876 645	747 024
Annen rentekostnad		18 103 891	6 124 594
Sum finanskostnader		17 227 246	6 871 619
Netto finans		710 770 619	777 411 146
Ordinært resultat før skattekostnad		724 439 474	780 253 407
Skattekostnad på resultat	6	125 847 661	147 510 804
Ordinært resultat etter skattekostnad		598 591 813	632 742 603
Årsresultat	7	598 591 813	632 742 603



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Årsresultat etter minoritetsinteresser		598 591 813	632 742 603
Totalresultat		598 591 813	632 742 603
Overføringer og disponeringer			
Konsernbidrag		558 892 181	770 439 681
Avsett til annen egenkapital		39 699 632	
Overført frå annan egenkapital			-137 697 078
Sum overføringer og disponeringer		598 591 813	632 742 603



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
BALANSE - EIENDELER			
Anleggsmidler			
Immaterielle eiendeler			
Forsking og utvikling	3		
Konsesjoner, patentar o.l.	3, 8		
Utsatt skattefordel	3, 6		
Goodwill	3		
Varige driftsmidler			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	3, 8	875 755	886 155
		6 242 148	6 242 148
Produksjonsutstyr	3, 8	1 057 700	1 466 200
Båtar	3, 8	5 609 700	6 273 900
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 8	5 295 425	5 696 094
Sum varige driftsmidler		19 080 727	20 564 497
Finansielle anleggsmidler			
Investering i datterselskap	4	1 208 951 777	1 002 571 777
Lån til foretak i samme konsern		37 000 000	37 000 000
Investeringer i tilknyttet selskap	5	6 939 050	6 939 050
Investeringer i aksjar og andelar	9	5 345 229	4 368 584
Obligasjonar og andre fordringar		1 000 000	1 000 000
Sum finansielle anleggsmidler		1 259 236 056	1 051 879 411
Sum anleggsmidler		1 278 316 783	1 072 443 908
Omløpsmidler			
Varer			
Sum varer	8		
Fordringer			
Kundefordringar	8, 10	106 311 109	120 594 185
Andre fordringar	10	566 868 300	673 392 873
Konsernfordringer			183 000 000
Sum fordringer		673 179 409	976 987 058



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskot, kontantar o.l.	2, 10	3 177 805	2 424 683
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		3 177 805	2 424 683
Sum omløpsmidler		676 357 214	979 411 742
SUM EIENDELER		1 954 673 997	2 051 855 649

BALANSE - EGENKAPITAL OG GJELD

Egenkapital

Innskutt egenkapital

Aksjekapital	7, 11	40 100 000	40 100 000
Beholdning av egne aksjer	7		
Overkurs	7	8 000 000	8 000 000
Annen innskutt egenkapital	7		
Sum innskutt egenkapital	7	48 100 000	48 100 000

Opptjent egenkapital

Fond for vurderingsforskjellar	7		
Annan egenkapital	7	592 636 394	552 936 762
Udisponert resultat	7		
Udekket tap	7		
Sum opptjent egenkapital	7	592 636 394	552 936 762

Sum egenkapital

7	640 736 394	601 036 762
---	--------------------	--------------------

Gjeld

Langsiktig gjeld

Utsatt skatt	6	504 439	584 829
Sum avsetninger for forpliktelser		504 439	584 829

Annen langsiktig gjeld

Gjeld til kredittinstitusjoner	8, 12		
Sum langsiktig gjeld		504 439	584 829



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2023	2022
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	10	8 888 070	15 314 571
Betalbar skatt	6		
Skuldige offentlige avgifter		4 375 404	3 033 657
Kortsiktig konserngjeld	8, 10	581 602 313	473 475 633
Anna kortsiktig gjeld		718 567 377	958 410 198
Sum kortsiktig gjeld		1 313 433 164	1 450 234 058
Sum gjeld		1 313 937 603	1 450 818 887
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 954 673 997	2 051 855 649



Årsrekneskap 2023

Alsaker
Fjordbruk AS

Alsaker  Fjordbruk

Ystanes. FOTO: Lucas Tønnesen.



Styret si melding - 2023

Alsaker Fjordbruk AS

Verksemda

Alsaker Fjordbruk AS er eigd av Alsaker AS. Alsaker Fjordbruk AS er management- og holdingselskap for all oppdrettsverksemd i Alsaker-konsernet. Selskapet har hovud-administrasjonen for alle selskapa i konsernet og ligg på Onarheim i Sunnhordland.

Resultat for 2023

Alsaker Fjordbruk AS hadde i 2023 eit resultat før skatt på kr 724,4 millionar. Dette er ein nedgang på kr 56 millionar samanlikna med 2022. Storparten av resultatet i Alsaker Fjordbruk AS kjem frå konsernbidrag frå dotterselskapa, og reduksjonen i resultat skuldast ein liten nedgang i konsernbidrag frå dotterselskapa.

Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift.

Personalforhold og arbeidsmiljø

Personalforhold og arbeidsmiljø er eit prioritert område i konsernet. Selskapet har i samband med planlegging av alle sine investeringar hatt stor fokus på arbeidsmiljø.

I Alsaker Fjordbruk er sjukefråværet følgjande:

Alsaker Fjordbruk AS	2023	2022
Korttidssjukefråvær	1,2 %	1,9 %
Langtidssjukefråvær	1,4 %	1,7 %

Styret er nøgd med at samla sjukefråvær viser ein nedgang samanlikna med året før.

Selskapet har ikkje hatt arbeidsulykker med alvorleg personskade siste året.

Ytre miljø og berekraft

Alsaker Fjordbruk AS er holdingselskap i Alsaker-konsernet, og drifta av konsernet har i 2023 vore i samsvar med dei løyve som er gitt frå myndigheitene. Selskapet/konsernet sin aktivitet er direkte knytt til dei naturgjevne forholda i området der ein er lokalisert.

Konsernet sin brønnbåt «Kristoffer Tronds» er utstyrt med batteri-/hybridløysing, samt system for varmegjenvinning og temperaturveksling mot sjøvann (RSW).

10 av konsernet sine matfiskanlegg var i 2023 tilrettelagt med elektrifisering / hybrid-drift, og fire anlegg har landstraum. Ytterlegare to anlegg er under planlegging for hybrid, samt eitt anlegg med landstraum. Dei anlegga som har teke i bruk hybrid-drift, oppnådde 51 % spart dieselforbruk i 2023.

Fôret me nyttar i alle delar av vår verdikjede er ProTerra-sertifisert og garantert avskogingsfritt. Meir enn 50% av innhaldet i fiskemjøl og fiskeolje er basert på biprodukt, og elles basert på råvarer godkjent av MarinTrust.



Styret si melding - 2023

Alsaker Fjordbruk AS

Me tok levering av forbåten «Ritter» i 2023. Båten har hybrid framdriftssystem, mellom anna med eit batteri på 450 kWh og 90 kW elektrisk motor/akselgenerator. Den konvensjonelle motoren har rensesystem i tråd med utsleppskrava etter IMO III. Båten kan føre ein heil dag på elektrisk drift.

Konsernet sine settefiskanlegg nyttar seg av energi- og vassparande tiltak, som t.d. varmeveksling, CO2-lufting og oksygenering.

Konsernet sine lokalitetar på sjø og land oppfyller myndighetsfastsette miljøkrav, og krav til miljøtilstand og resipient; miljøstatus I 'meget god' og miljøstatus II 'god'.

Alsaker-konsernet er også med og finansierer forskingsprogrammet SalmonTracking, som handlar om utvikling av sjøaure og villaks i våre område.

Likestilling og diskriminering

Av selskapet sine 29 fast tilsette er det 13 kvinner. Løna til kvar enkelt tilsett blir fastsett etter ei vurdering av kompetanse, dugleik, arbeidsinnsats og stillinga sitt ansvars- og arbeidsområde, både for kvinner og menn. Begge kjønn stiller likt ved tilsetjing og når det gjeld høve til vidareutdanning og avansement. Styret er sett saman av 4 medlemmer (menn).

Selskapet har som mål at diskriminering ikkje skal finne stad. Alsaker-konsernet, som Alsaker Fjordbruk AS er ein del av, har i dag eit mangfald i arbeidsstokken både med omsyn til alder, kjønn og etnisitet.

Openheitslova

Alsaker-konsernet, som Alsaker Fjordbruk AS er ein del av, er omfatta av openheitslova, som tredde i kraft 1.juli 2022. I tråd med krava, om årleg gjennomgong, blei det offentleggjort ei utgreiing av dei pålagte aktsemdsvurderingane for første gong innan fristen 30.06.2023. Dette blei gjort gjennom publisering på vår heimeside www.alsaker.no. Det vart i 2023 implementert system som mellom anna inkluderer kartlegging og risikovurdering av eiga verksemd og leverandørkjede i høve til krava som følgjer av offentleglova. Konsernet har også system for mottak, handsaming og arkivering av innsynsførespurnadar.

Forsikring for styre og leiande tilsette

Det er teikna ordinær forsikring for styret sine medlemmer og leiande tilsette for det personlege erstatningsansvar som dei kan pådra seg i samband med utføring av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonalt forsikringsselskap med solid rating.

Finansiell risiko

Marknads- og valutarisiko

I tråd med konsernet sine retningslinjer, vert ein del av salsvolumet til dotterselskapa prissikra gjennom finansielle kontraktar.



Styret si melding - 2023

Alsaker Fjordbruk AS

Konsernet har ingen direkte valutarisiko då all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i norske kroner. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er konsernet sitt hovudprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden vil vere EU der hovudvalutaen er euro.

Som ein konsekvens av at endring i valutaforhold har stor innverknad på lakseprisen, har konsernet periodevis inngått valutaterminkontraktar på Euro. På denne måten reknar ein med delvis å motvirke effekten av store valutasvingingar knytt til prisen på laks. Slike terminkontraktar vil vere utsett for valutarisiko.

I tillegg vil konsernet vere eksponert for endringar i rentenivået då ca 85 % av all langsiktig gjeld har flytande rente. Ca 15 % av langsiktig gjeld er p.t. sikra gjennom 5-årige renteswapavtalar.

Kredittrisiko

Historisk har selskapet ikkje hatt tap på fordringar. Selskapet sin strategi har heile tida vore å ha tett oppfølging på alle fordringar, samt å ikkje selje til kundar ein har lite kunnskap om. Likevel har Alsaker konsern, som Alsaker Fjordbruk AS er ein del av, valt å teikne kredittforsikring. Kredittforsikringa gjeld alle kundar, utanom 3-4 store kundar som ein har inngåande kjennskap til.

Likviditetsrisiko

Selskapet sin likviditet er god, og det er ikkje beslutta å innføre tiltak som endrer likviditetsrisikoen. Alle nyinvesteringar vil, som eit utgangspunkt, bli langsiktig finansierte, anten gjennom nye pantelån eller leasing. Alsaker konsern har som mål at all langsiktig finansiering skal ha lang og regelmessig nedbetalingstid.

Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga viser kr 174,3 millionar frå operasjonelle aktivitetar. Dette er i all hovudsak innbetalingar i samband med utbytte frå dotterselskapa Røvær Fjordbruk AS og Fjelberg Fjordbruk AS. Men under investeringsaktivitetar gir utbetalingar i samband med emisjonar i dotterselskap at kontantstraum blir redusert med kr 191,0 milliona. Samla er det ein auke i bankinnskot med kr 0,8 millionar. Dette aukar bankinnskot til kr 3,2 millionar.

Forslag til disponering av resultat

Styret meiner den avlagte rekneskapen gjev eit rettvisebilete av den økonomiske stillinga for Alsaker Fjordbruk AS. Styret føreslår difor at overskotet på kr 598 591 813 blir disponert på følgjande måte:

Alsaker Fjordbruk	2023
Avsett til konsernbidrag	558 892 181
Avsett til / overført frå annan eigenkapital	39 699 632
Sum disponert	598 591 813



Styret si melding - 2023

Alsaker Fjordbruk AS

Drift hittil i 2024, samt utsiktene framover

Resultatet for Alsaker Fjordbruk AS er avhengig av korleis forholda utviklar seg for dotterselskapa. Desse selskapa driv i hovudsak med oppdrettsverksemd.

Første del av 2024 har stort sett gått som forventa for Alsaker-konsernet. Sjøtemperaturen denne vinteren har stort sett vore på nivå med det som er normalt for årstida. Dette har resultert i at føring og tilvekst er som forventa. Så langt i år har konsernet slakta i tråd med budsjett, men likevel litt lågare volum enn på same tid i fjor.

I samband med trafikklyssystemet er det vedteke nedtrekk for produksjonsområde 3 frå og med september 2024. Nedtrekket vil vere på 6% og vil redusere konsernet sin MTB for løyver i produksjonsområde 3.


Når det gjeld marknadssituasjonen, er eksportert kvantum frå Norge pr 09.06.2024 (veke 23) redusert med ca. 5 % samanlikna med tilsvarande periode i 2023. Samstundes er prisen i NOK auka med 3 %.


Det er framleis mange uklare forhold knytt til gjennomføring av grunnrenteskatten norske myndigheiter innførte med verknad frå 01.01.23. Skattemyndigheitene har framleis ikkje presentert naudsynte likningsskjema, og er kraftig forseinka. Med verknad frå 01.07.24 vil det bli innført normprisar for laks i samband med berekning av grunnrenteinntekt. Korleis dette skal gå føre seg, og konsekvensane av normprisar for konsernet, er framleis uklare.


Styret vil presisere at det er knytt usikkerheit til vurderingar om framtidige forhold.


Til slutt vil styret takke dei tilsette for den gode arbeidsinnsatsen gjennom året, og kundar og leverandørar for godt samarbeid.

Onarheim, 21. juni 2024


Helge M. Nesse
(styreleiar)


Even Søffeland
(styremedlem)


Gerhard Meidell Alsaker
(nestleiar, adm. dir.)


Arthur Duus
(styremedlem)



Resultatrekneskap			
Alsaker Fjordbruk AS			
	Note	2023	2022
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salsinntekt		139 830 912	136 426 520
Andre inntekter		88 505 177	84 657 523
Sum driftsinntekter	1	228 336 089	221 084 043
Varekostnad	1	130 483 627	139 599 283
Lønskostnad	2	49 433 239	45 913 359
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle egedelar	3	2 377 752	2 225 023
Andre driftskostnader	1, 2	32 372 615	30 504 117
Sum driftskostnader		214 667 234	218 241 782
Driftsresultat		13 668 855	2 842 261
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Inntekt på investering i dotterselskap	4	723 111 650	761 434 466
Inntekt på investering i tilknyttede selskap	5	0	20 590 000
Renteinntekt fra foretak i samme konsern		4 780 635	1 388 509
Anna renteinntekt		608	70
Anna finansinntekt		104 972	869 720
Endring marknadbaserte aksjer		876 645	-747 024
Annan rentekostnad		18 103 891	6 124 594
Resultat av finansposter		710 770 619	777 411 146
Resultat før skattekostnad		724 439 474	780 253 407
Skattekostnad på resultat	6	125 847 661	147 510 804
Resultat		598 591 813	632 742 603
Årsresultat	7	598 591 813	632 742 603
OVERFØRINGAR			
Avsett konsernbidrag		558 892 181	770 439 681
Avsett til annan egenkapital		39 699 632	0
Overført fra annan egenkapital		0	137 697 078
Sum overføringar		598 591 813	632 742 603
Alsaker Fjordbruk AS		Side 1	







Balanse			
Alsaker Fjordbruk AS			
EIGEDELAR	Note	2023	2022
ANLEGGSMIDLAR			
Varige driftsmidler:			
Tomter, bygningar og anna fast eigedom	3, 8	875 755	886 155
Produksjonsutstyr	3, 8	1 057 700	1 466 200
Båtar	3, 8	5 609 700	6 273 900
Driftslausøyre, inventar o.l.	3, 8	5 295 425	5 696 094
Anlegg under utføring		6 242 148	6 242 148
Sum varige driftsmidler		<u>19 080 727</u>	<u>20 564 497</u>
Finansielle driftsmidler:			
Investeringar i dotterselskap	4	1 208 951 777	1 002 571 777
Lån til føretak i samme konsern		37 000 000	37 000 000
Investeringar i tilknytta selskap	5	6 939 050	6 939 050
Investeringar i aksjar og andelar	9	5 345 229	4 368 584
Obligasjonar og andre fordringar		1 000 000	1 000 000
Sum finansielle anleggsmidler		<u>1 259 236 056</u>	<u>1 051 879 411</u>
Sum anleggsmidler		<u>1 278 316 783</u>	<u>1 072 443 908</u>
OMLØPSMIDLAR			
Fordringar:			
Kundefordringar	8, 10	106 311 109	120 594 185
Lån til føretak i samme konsern		0	183 000 000
Andre fordringar	10	566 868 300	673 392 873
Sum fordringar		<u>673 179 409</u>	<u>976 987 058</u>
Bankinnskot, kontantar o.l.	2, 10	3 177 805	2 424 683
Sum omløpsmiddel		<u>676 357 214</u>	<u>979 411 742</u>
Sum egedelar		<u>1 954 673 997</u>	<u>2 051 855 649</u>

**Balanse**

Alsaker Fjordbruk AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2023	2022
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital:			
Aksjekapital	7, 11	40 100 000	40 100 000
Overkurs	7	8 000 000	8 000 000
Sum innskoten egenkapital	7	48 100 000	48 100 000
Opptent egenkapital:			
Annan egenkapital	7	592 636 394	552 936 762
Sum opptent egenkapital	7	592 636 394	552 936 762
Sum egenkapital	7	<u>640 736 394</u>	<u>601 036 762</u>
GJELD			
Avsetning for forpliktingar:			
Utsett skatt	6	504 439	584 829
Kortsiktig gjeld:			
Gjeld konsernkonto-ordning	8, 10	581 602 313	473 475 633
Leverandørgjeld	10	8 888 070	15 314 571
Skuldige offentlege avgifter		4 375 404	3 033 657
Anna kortsiktig gjeld		718 567 377	958 410 198
Sum kortsiktig gjeld		<u>1 313 433 164</u>	<u>1 450 234 058</u>
Sum gjeld		<u>1 313 937 603</u>	<u>1 450 818 887</u>
Sum egenkapital og gjeld		<u>1 954 673 997</u>	<u>2 051 855 649</u>

Onarheim, 21.06.2024
Styret i Alsaker Fjordbruk AS

 Helge Mandius Nesse styreleiar	 Gerhard Meide nesteleiar/dagleg leiar	 Arthur Daus styremedlem
	 Even Sævieland styremedlem	



Kontantstrømanalyse

Alsaker Fjordbruk AS

	Note	2023	2022
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:			
Resultat før skattekostnad		724 439 474	780 253 407
+/- Tap/gevinst ved salg av anleggsmidler/aksjar		-26 800	-10 000
+ Ordinære avskrivningar		2 377 752	2 225 023
+/- Verdiendring aksjar		-876 645	747 024
+/- Endring i kundefordringar		14 283 076	-40 697 746
+/- Endring i leverandørgjeld		-6 426 501	-7 641 230
+/- Inntekt på investering i dotterselskap		-566 000 000	-668 000 000
+/- Andre tidsavgrensingsposter		6 525 423	9 980 278
= Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		174 295 779	76 856 756
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter:			
+ Innbetalingar ved salg av varige driftsmidler		55 000	10 000
- Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidler		-922 182	-3 394 293
- Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak		-190 100 000	-72 535 000
= Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		-190 967 182	-75 919 293
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter:			
+/- Netto endring i kassakreditt/konsernkonto-ordning		108 126 679	197 830 603
+ Innbetaling av konsernbidrag		668 000 000	418 000 000
- Utbetalingar av konsernbidrag		-941 702 155	-449 385 755
+/- Endring i lån til føretak i samme konsern		183 000 000	-167 000 000
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		17 424 524	-555 152
= Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.		753 121	382 312
+ Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 01.01.		2 424 683	2 042 372
= Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr 31.12.		3 177 805	2 424 683



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Rekneskapsprinsipp

I årsrekneskaper er alle postar verdsette og periodiserte i samsvar med rekneskapslova sine bestemmelsar, og reglane som følgjer av god rekneskapskikk.

Fritak frå utarbeiding av konsernrekneskap

Alsaker Fjordbruk AS nyttar seg av unntaksregelen i §§ 3-7, og er fritatt frå å lage konsernrekneskap. Morselskapet til Alsaker Fjordbruk AS, Alsaker AS (org nr 887 259 682), leverer konsernrekneskap der selskapet inngår.

Driftsinntekter og -kostnader

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet, som normalt vil vere leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader blir tatt med etter samanstillingsprinsippet, dvs at kostnader blir tatt med i same periode som tilhøyrande inntekter blir inntektsførte.

Klassifisering

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk, samt fordringar med forfall meir enn eitt år etter balansedagen, er tatt med som anleggsmidlar. Øvrige eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Gjeld som på opptakstidspunktet forfell seinare enn eitt år etter utløpet av rekneskapsperioden, er oppført som langsiktig gjeld.

Varige driftsmidlar og avskrivningar

Varige driftsmidlar er vurdert til historisk kost etter frådrag for lineære avskrivningar som er sett på grunnlag av kostpris og forventa økonomisk levetid. Forbetring utover opprinneleg standard vert balanseført og avskrive over resterande levetid for driftsmiddelet.

Aksjar i dotterselskap og tilknytt selskap

Aksjar i dotterselskap og tilknytt selskap blir vurdert etter kostmetoden.

Andre aksjar

Andre aksjar som er oppført i rekneskaper er ført til kostpris. I dei tilfelle der den verkelege verdien er lågare enn kostprisen og dette ikkje er forbigåande, er det gjort nedskrivning.

Marknadsbaserte aksjar

Marknadsbaserte aksjar er aksjar som er børsnoterte og svært likvide. Det er mogeleg å omsetje desse aksjane på kort varsel. Marknadsbaserte aksjar er oppført i rekneskaper til marknadsverdi/børskurs.

Fordringar

Fordringar er oppført i balansen til pålydande.

Skattekostnad og utsett skatt

Skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultat og består av betalbar skatt og endring i netto utsett skatt.

Utsett skatt i resultatrekneskaper er skatt berekna på endringar i midlertidige forskjellar mellom skattemessige og rekneskapsmessige verdiar. Utsett skatt blir avsett som langsiktig gjeld i balansen. I den grad utsett skattefordel overstig utsett skatt, tar ein med utsett skattefordel i balansen i samsvar med god rekneskapskikk.



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Leigeavtaler

Leigeavtaler blir vurdert som operasjonell- eller finansiell leasing etter en konkret vurdering av den enkelte leigeavtale.

Valutarisiko

Selskapet har ingen direkte valutarisiko da all omsetnad, varekjøp og finansiering skjer i NOK. Likevel vil endring i valutaforhold ha stor konsekvens for eksportprisen på norsk laks, som er selskapet sitt hovedprodukt. Langt over 90% av den norske produksjonen av laks vert eksportert, og den viktigaste marknaden er EU der hovudvalutaen er euro.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Morselskap

Morselskap til Alsaker Fjordbruk AS er Alsaker AS på Onarheim i Tysnes kommune. Alsaker Fjordbruk AS sin rekneskap er å finne på selskapet sitt hovudkontor på Onarheim.



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 1 Transaksjoner med nærstående partar

Sal av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2023	2022
Selskap i Alsaker-konsernet	Leigeinntekt brønnbåt	144 581 912	145 926 720
Selskap i Alsaker-konsernet	Salg av adm.tenester	88 478 377	84 647 823
Sum sal av varer og tenester		233 060 289	230 574 543

Kjøp av varer og tenester:

Nærstående part	Type transaksjon	2023	2022
Selskap i Alsaker-konsernet	Leige av arbeidsbåt	89 601 000	82 170 000
Selskap i Meidell-konsernet	Leige av eiendom/base mm.	3 726 505	3 504 214
Selskap i Meidell-konsernet	Kjøp av vedlikeholdstenester/varer	4 235 632	4 079 063
Sum kjøp av varer og tenester		97 563 137	89 753 277



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 2 Lønnskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader er sett saman av følgjande postar:

Lønnskostnader	2023	2022
Løningar	41 683 880	40 175 588
Arbeidsgjevaravgift	5 374 774	3 645 478
Pensjonskostnader	1 048 295	921 986
Andre ytingar	1 326 291	1 170 307
Sum	49 433 239	45 913 359

Gjennomsnittleg antall årsverk 28,8 27,8

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 890 933	650 000
Pensjonskostnader	56 569	0
Anna godtgjering	0	0
Sum	1 947 502	650 000

Det er ikkje ytt lån til eller stilt sikkerhet for leiande personar, aksjeeigarar, tilsette m.m. Det finst heller ingen avtale om bonus, overskotsdeling, opsjoner m.m. til fordel for dagleg leiar eller leiar av styret. Selskapet har ingen forpliktingar knytta til teikningsrettar, opsjonar m.m. som gir tilsette rett til teikning, kjøp eller salg av aksjar eller grunnfondsbevis.

Obligatorisk tenestepensjon (OTP):

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Ein har innført ei innskotsbasert pensjonsordning for alle tilsette, som oppfyller krava i denne lova.

Revisor:

Kostnadsførte honorarer til revisor og revisor sitt advokatkontor fordeler seg på:

Tekst	2023	2022
Lovpålagt revisjon	205 395	80 500
Andre rådgivingstenester	673 966	329 821
Skatterådgjeving	406 460	119 000
Andre attestasjonstenester	9 000	8 500
Sum	1 294 821	537 821

Bundne skattetrekkmidlar:

Tekst	2023	2022
Skattetrekkskonto pr 31.12	3 136 406	2 356 844



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 3 - Spesifikasjon av anleggsmidler

Varige driftsmidler:

	Tomter og bygninger	Produksjonsutstyr	Båtar
Anskaffelsekost 01.01	1 157 758	5 175 022	15 257 126
Tilgang i året		22 465	
Avgang i året			
Anskaffelsekost 31.12	1 157 758	5 197 487	15 257 126
Samla av- og nedskrivning	282 003	4 139 787	9 647 426
Bokført verdi 31.12.	875 755	1 057 700	5 609 700
Ord. av- og nedsk. i år	10 400	430 965	664 200
Økonomisk levetid	5-30 år	5-30 år	15-20 år
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær

	Driftsløysøre, inventar o.l.	Anlegg under utf.	SUM
Anskaffelsekost 01.01	18 650 621	6 242 148	46 482 674
Tilgang i året	899 717		922 182
Avgang i året	153 110		153 110
Anskaffelsekost 31.12	19 397 228	6 242 148	47 251 746
Samla av- og nedskrivning	14 101 803		28 171 019
Bokført verdi 31.12.	5 295 425	6 242 148	19 080 727
Ord. av- og nedsk. i år	1 272 187		2 377 752
Økonomisk levetid	3-10 år		
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 4 Dotterselskap

Firma	Anskaff. tidspunkt	Forr. kontor	Eigar/ Stemmeandel	Bokført verdi	Resultat i år	Eigenkapital i år
Viking Fjord AS	01.01.1998	Kvinnherad	100	12 088 000	24 555 060	17 084 848
Fjelberg Fjordbruk AS	01.01.1998	Kvinnherad	75	14 301 100	80 604 518	406 741 887
Rogaland Fjordbruk AS	01.01.1998	Suldal	100	164 416 966	172 576 015	291 099 572
Bjøelve Bruk AS	01.04.1998	Kvam	100	8 876 000	15 066 282	53 378 700
Fjon Bruk AS	04.09.2001	Sveio	100	24 443 427	45 987 396	82 650 190
Tveit Brygge AS	20.02.2002	Tysvær	100	1 010 000	108 098	3 226 834
Røvær Fjordbruk AS	30.06.2003	Haugesund	75	5 000 000	56 194 425	163 796 333
Ølve Bruk AS	24.05.2006	Kvinnherad	100	6 235 230	-375 137	672 243
Salar Bruk AS	11.12.2007	Alver	100	95 235 987	33 614 248	66 042 893
Onarheim Bruk AS	14.01.2008	Tysnes	100	118 021 000	2 604 740	99 550 654
Fjordbruk Service Holding AS	29.11.2010	Tysnes	100	189 055 640	11 438 937	222 058 679
Nordsjø Fjordbruk AS	17.07.2010	Bømlo	100	304 208 128	115 965 288	371 548 656
Bolstad Bruk AS	31.05.2011	Bjørnafjorden	100	37 530 299	1 153 188	19 573 385
Fjordbruk Service AS	24.11.2015	Tysnes	100	7 850 000	7 995 268	11 598 454
Alsaker LFC Service AS	31.10.2019	Tysnes	100	2 000 000	1 602 710	5 085 059
Alsaker LFC Holding AS	18.10.2017	Tysnes	100	156 600 000	-9 230 521	140 123 334
Fjelberg Base AS	23.11.2022	Kvinnherad	75	12 280 000	1 585 888	18 280 114
Røvær Base AS	23.11.2022	Haugesund	75	39 600 000	1 689 689	54 682 187
Beinved Bruk AS	26.08.2022	Tysnes	100	10 000 000	220 708	10 262 157
Sunnhordland Fjordbruk AS	07.10.2022	Tysnes	100	100 000	-11 446	88 554
Fjordbruk Invest 10 AS	28.10.2022	Tysnes	100	100 000	-12 382	87 618
Sum				1 208 951 777	563 332 972	2 037 632 349

Inntekt på investering i dotterselskap består i 2023 av konsernbidrag og utbytte.

Note 5 Investering i tilknytt selskap

Firma	Anskaff. tidspunkt	Forr. kontor	Eigar/ Stemmeandel	Bokført verdi	Resultat i år	Eigenkapital i år
Ocean Supreme Holding AS	2003/2020	Ålesund	32,2	6 939 050	77 261 466	305 737 053



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 6 - Skatt

Resultatført skatt på ordinært resultat:

Spesifikasjon	2023	2022
Skatt på alminnelig inntekt:		
Betalbar skatt	0	0
Skatteeffekten av konsernbidrag	125 928 051	147 862 474
Endring utsett skatt/skattefordel	-80 390	-351 670
Skattekostnad på alminnelig inntekt	125 847 661	147 510 804
Effektiv skattesats med skattesats 22%	17,4 %	18,9 %

Grunnlag betalbar skatt:

Spesifikasjon	2023	2022
Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt:		
Ordinært resultat før skatt	724 439 474	780 253 407
Endring i midlertidige forskjellar	365 411	1 598 501
Aksjeutbytte	-157 216 622	-114 894 186
3% av skattefritt utbytte etter fritaksmetoden	4 716 499	3 255 420
Ikke skattepliktig aksjegevinst/endring aksjer	-876 645	747 024
Andre permanente forskjellar	972 116	1 141 988
Avgitt konsernbidrag med skatteeffekt	-572 400 232	-672 102 155
Grunnlag betalbar skatt alminnelig inntekt	0	0

Betalbar skatt i balansen:

Spesifikasjon	2023	2022
Betalbar skatt på alminnelig inntekt	0	0
Betalbar skatt i balansen	0	0

Skatteeffekten av midlertidige forskjellar og underskot til framføring som har ført til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige forskjellar:

Spesifikasjon	2023	2022	Endring
Forskjeller alminnelig inntekt:			
Fordringer	-1 625 000	-1 625 000	0
Varige driftsmidler	3 917 904	4 283 314	365 411
SUM	2 292 904	2 658 314	365 411
Skattesats som er nytta:	22 %	22 %	
Utsett skatt alminnelig inntekt	504 439	584 829	80 390



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 7 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2022	40 100 000	8 000 000	552 936 762	601 036 762
Resultat i år			598 591 813	598 591 813
Konsernbidrag avgitt			-558 892 181	-558 892 181
Pr 31.12.2023	40 100 000	8 000 000	592 636 394	640 736 394

Note 8 Pantestillingar

Bokført gjeld som er sikra med pant:

	2023	2022
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0
Leverandørgjeld	4 540 223	11 410 179
Gjeld konsernkonto-ordning	581 602 313	473 475 633
Sum	586 142 536	484 885 812

Bokført verdi av egedelar stilt som sikkerheit for pantesikra gjeld:

	2023	2022
Varige driftsmidler	19 080 727	20 564 497
Investering i datterselskap	1 208 951 777	1 002 571 777
Kundefordringar	356 544	9 000
Sum	1 228 389 047	1 023 145 273

Alsaker Fjordbruk AS deltar som underkontoinnehavar i Alsaker AS sin konsernkonto-ordning. Underkontoinnehavar kausjonerer som solidarisk sjølvskyldnarkausjonist for dei forpliktingane som Alsaker AS har til ei kvar tid.

Note 9 Investering i aksjar og andelar

Selskap	Eigde aksjar	Kostpris	Marknads-verdi	Bokført verdi	Urealisert gevinst
Salmar ASA	4 663	317 890	2 654 180	2 654 180	2 336 290
Andre akjeseselskap		2 691 049	2 691 049	2 691 049	
Sum		3 008 939	5 345 229	5 345 229	2 336 290

Inntekt på investering i datterselskap består i 2023 av konsernbidrag og utbytte.



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 10 Mellomvære med selskap i same konsern

Fordringar på selskap i same konsern:

	2023	2022
Kundefordringar	105 954 566	120 585 185
Lån til føretak i same konsern (langsiktig)	37 000 000	37 000 000
Lån til føretak i same konsern (kortsiktig)	0	183 000 000
Andre fordringar	566 000 000	668 222 766
Sum	708 954 566	1 008 807 951

Gjeld til selskap i same konsern:

	2023	2022
Gjeld konsernkonto-ordning	581 602 313	473 475 633
Leverandørgjeld	4 347 847	3 904 392
Anna kortsiktig gjeld	701 200 232	941 802 155
Sum	1 287 150 391	1 419 182 180

Note 11 Aksjonærar

Akseoversikt:

Aksjeklasse	Antal aksjar	Pålydande	Aksjekapital
	4010000	10	40 100 000

Eigarstruktur:

Namn	Antal aksjar	Eigarandel	Stemmeandel
Alsaker AS	4 010 000	100,0 %	100,0 %

Gerhard Meidell Alsaker kontrollerer indirekte 100 % av aksjane i Alsaker AS.

Note 12 – Langsiktig gjeld

Selskapet har pr 31.12.2023 ingen langsiktig gjeld.



Noter

Alsaker Fjordbruk AS

Note 13 Garantiforpliktingar og andre forpliktingar

Garantiforpliktingar ved kjøp av leppefisk

Pr 31.12 har Alsaker Fjordbruk AS stilt garantiansvar til Vest-Norges Fiskesalslag på kr 1.500.000 og Rogaland Fiskesalslag på kr 1.500.000 i samband med kjøp av leppefisk i dotterselskap.

Garantiforpliktingar i samband med finansiering av brønnbåten «Kristoffer Tronds»

Pr 31.12 har konsernet (Alsaker LFC Holding AS) restgjeld i samband med finansiering av brønnbåten «Kristoffer Tronds» på kr 243 088 405. I samband med etablering av lånet har Alsaker Fjordbruk AS stilt kausjonsansvar.



Til generalforsamlinga i Alsaker Fjordbruk AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Alsaker Fjordbruk AS som er samansett av balanse per 31. desember 2023, resultatrekneskap og kontantstramanalyse for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2023, og av resultatata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen


T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen. For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Bergen, 21. juni 2024
PricewaterhouseCoopers AS


Ole Martin Waage
Statsautorisert revisor